

Til Seljord kommune  
ved ordførar Beate Marie Dahl Eide og rådmann Rikke Raknes

Svartdal/Flatdal 23.11.22

## Er dette ein veg Seljord kommune er stolt av å eige?

Me viser til oppslag i TA den 28. oktober 2022. Me sluttar oss fullt ut til det dei næringsdrivande i Svartdal, Tov Eirik Lien, Lien fjellgard, og Håkon Minnesjord Solheim, Telespinn, opplyser om standarden på Svartdalsvegen.

Her kjem me med nokre utfyllande og utvida opplysningar, som viser at det i tillegg til dei to verksemndene også er både busette og grunneigarar som driv næringsverksemnd i Svartdal. Der er òg eit ikkje ubetydeleg tal hytter, særleg i Åsdalen. Hyttefolket må snirkle seg fram mellom asfalthol, humpar og dumper til hyttene sine.

Det er lett å finne skadar og skrøpelege parti på Svartdalsvegen. Dei ligg på rekjkje og rad.

Det er vanskelegare å finne slette parti, og endå verre å finne når vegeigar Seljord kommune gjorde noko form for vedlikehald på vegen – bortsett frå at det for om lag seks år sidan blei asfaltert 400 meter frå Brekkakrysset. (Den stubben er førebels nokså slett, bortsett frå at den nye bruhaugen over Holebekk ikkje råka høgda på vegbanen nord for bruhaugen, og tilfører Svartdalsvegen nok ein hump.)

Me vil seia det så sterkt: **Det er respektlaust av kommunen så til dei grader å nedprioritere innbyggjarane sine og brukarane av vegen i denne bygda i kommunen!**

Me veit at det alltid er snakk om pengar, og at kommunen har mange oppgåver å bruke pengar på. Det er likevel kjent for alle at å neglisjere vedlikehald til det ikkje lenger er snakk om *vedlikehald*, men *totalt havari og full rehabilitering*, er ein svært därleg måte å «sparar pengar» på.

I tillegg til fastbuande, næringsdrivande, gjester og hyttefolk, er det fleire faste trafikkantar etter vegen: Dagleg skulebuss, renovasjonsbil, Posten osv.

Tømmertransportør Birger Langkås har god erfaring med kva vegstandarden betyr for

arbeidet deira. Han nemner mellom anna at fordi Svartdalsvegen er så nedsliten, er det djupe hjulspor som gjer at det er uråd å brøyte vegen slett.

Dette brevet er underskrive av innbyggjarar i Svartdal, grunneigarar i Svartdal og Ståldalen, og hytteeigarar i Svartdal, i alt 91 personar, i tillegg til initiativtakarane.

Helsing initiativtakarane,

Knut Espelid

Harald Barstad

(Me gjer merksam på at dette initiativet blei teke før me visste at bygdelaget ved Olav Haugsvold, og Tov Eirik Lien og Håkon Minnesjord Solheim hadde kontakta kommunen om utfordingane med dårlig veg.)

Vedlagt nokre foto av nokre av skadane på vegen.

Som kontrast eit bilde av ein privat skogsbilveg i Svartdal med godt grusdekke.

Underskrivne:

---

Mari Toft og Per Helge Berrefjord	Drifa Gudmundsdottir og Ivar Barstad
Agnar Svartdal	Hans Aarbakk
Håkon Minnesjord Solheim for Telespinn AS og Kongehella AS	Ingrid Lønn
Ingjerd Jevnaker Straand	Audun M. Solheim
Jon Steinar Gustavsen	Bjørg Minnesjord Solheim
Eivind Herbern Schjelle og Paula Louise Frateschi	
Anders Kvåle Rue	Tov Lasen Espelid og Nina Johnsen
Bergit Aarbakk Mathisen	Ivar Larsen og Astrid Espelid
Jonn Tveiten	Dorothy Lien Billett
Spencer Billett	Elisabeth og Sigmund Blika
Åse Bjåland	Torkjell Flatland
Leif H. Haugan	Olav Haugsvold og Ingrid Wangensteen
Erna Bakkemoen	Ole Henning og Tine Traaserud
Gunleik Mæland og Kathrine Kinn	Anne og Sverre Aasbø
Merethe og Tov Eirik Lien	Jon Grøstad
Torhild Grøstad	Hildegunn Lien Kittelsaa

Mari Kjennbakken	Tor Halvor Lien Kittelsaa
Halvor Aakre	Kjell Magne og Ragna Iren Grave
Olav Bakkemoen	Arne Aase og Gunvor Kloster Aase
Hans Martin Aase	Helen og Hans Magne Svartdal
Lars Mathisen	Ole Gunnar Aase
Geir Kjærnem, leder Svartdal Hytteierforening, ca. 30 medlemmer	
Jon Haugsvold	Toril Haugsvold
Sverre Haugsvold	Jan Steinar Vang
Gunnar Bakkemoen	Arne Kimerud
Per Arne Velten, Velten taxi og skolebuss	Sigrid Blika
Eivind Roksund og Marie Roksund	Gisle Roksund
Ingebjørg Barstad Holtar og Bjarne Holtar	Solveig E. Bakkemoen
Gjermund og Kristin Mathisen	Inger Kjersti Lindvig
Per Gunnar Disch	Svanhild Rui Gustavsen
Ole Petter Gustavsen	Turid og Henry Mæland
Olaf Særsland	Anne Lise Rønjom Rue
A.A.Hijlkema	Tore G. Bratsberg
Philipp Dommen	Gunvald Tho
Tor Christian Mathisen	Olaug Barstad Slinde og Roar Slinde
Åshild Brekke Traaserud og Torulf Traaserud	
Audny Barstad og Pål Høydahl	

Bilde:

*Bilde 1: Nokre meter etter den om lag seks å gamle asfalten møter ein utfordringane.*

*Bilde 2: Ein treng ikkje køyre langt før det held fram ...*

*Bilde 3: Og verre blir det.*

*Bilde 4: Bremsar du ikkje ned før desse humpane er resultatet som på ei trampoline.*

*Bilde 5: Nok eit hinder på vegen.*

*Bilde 6: Ikkje heilt slett.*

*Bilde 7: Det er heldig at hjulspora er så djupe at ikkje den krakelerte asfalten blir graven opp av brøytemaskina.*

*Bilde 8: Hald til venstre, så kanskje du slepp å punktere.*

*Bilde 9, ein kontrast: Ein privat skogsbilveg i Svartdal med godt grusdekke. Vegen er godkjent for fulle tømmerlass. Vegbanen blir vedlikehalden med Drammensslodd.*